

Kyrkjebladet for **VAKSDAL**

76. ÅRG. / NR. 1 - 2022 / www.kyrkja.no/vaksdal



Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp

GOD PÅSKE
til og frå
kyrkjelydane
i Vaksdal!



Fasteaksjonen
Side 5-6

Aktivitetsside for born
Side 11

www.kyrkja.no/vaksdal

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL**Kyrjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Ekspedisjonstid: Tys. og ons. kl. 11-14**Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold**

Mobil 97 69 75 62. / E-post: br233@kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Mobil 90 84 06 24 / E-post: eb447@kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

Trusopplærer Kristin Straume Normann

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

Organist Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

Vaktmeister Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester, konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på www.vaksdal.kyrkja.no

GATEADRESSER:**Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014**Eksingedalen kyrkje:** Sordalsvegen 10**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31**Stamnes kyrkje:** Grupevegen 19**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34**VIPPS**

Bergsdalen sokn 552521

Dale sokn 525329

Eksingedalen sokn 706003

Kyrkjeleg fellestråd 94073

Nesheim sokn 548798

Stamnes sokn 524776

Vaksdal kyrkje 137194

Vegen / Trusopplæringa 514111



Stoff til neste nr. må vera kome inn til 16. mai.

I denne tida...

Her for nokre veker sidan tok eg meg sjølv i å lena meg tilbake å tenka at no kom ting til å bli normalt igjen. Me er ferdige med Kovid og snart kom alt til å vera eit litt dystert minne om ei utfordrande tid. Lite viste me at krig og uro skulle stå på dørstokken vår.

I skrivande stund er det nærare 2.5 millionar menneske på flukt frå Ukraina, eg frykter at når du sit og les dette, er talet langt høgare. Dette er menneske som treng beskyttelse og hjelp, og heldigvis har Noreg opna grensene. Vaksdal kommune seie at dei ynskjer å ta imot flyktningar, dette er bra! Me skal hjelpa der me kan.

Eg er glad for at me i kyrkja har lange tradisjonar for å hjelpe menneske i naud. Kyrkja i Vaksdal er ein stor organisasjon der både folkevalde og frivillige kjem til å bidra i den dugnadsinnsatsen som ligg framføre oss no.

Når verden blir stor og vanskeleg, og problema tårnar seg opp er det mange av oss som vil søke saman å tenne eit lys, eller be ei bøn. Dette vil du få anledning til i fleire av kyrkjene i Vaksdal. Om det er noko du tenkjer at me i kyrkja kan hjelpe med, må du ta kontakt med sokneråd eller kyrjekontoret.

Bjart-Magnus N Rosvold**Fellesrådsleiar:**Lars Patterson, tlf. 91 88 78 25 / e-post: lars.patterson@vetlejord.com**Soknerådsleiarar:**

Bergsdalen: Anne Hilde Fosse Osvold (mellombels) 95 10 03 27

Dale: Eli Leiren, tlf. 99 32 53 53

Eksingedalen: Jarand Brørvik (mellombels), tlf. 99 36 39 51

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim, tlf. 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stamnesfet, tlf. 41 41 33 51

Vaksdal: Grete Loftheim Dale, tlf. 99 26 81 28

Den norske kyrkja si heimeside: www.kyrkja.no**Björgvin bispedømme si heimeside:** www.kyrkja.no/bjorgvin**Bibelen på nett:** www.bibel.no**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjeverja i Vaksdal**Grafisk utforming:** Vaksdalposten**Kasserar:** Vaksdal Kyrkjelege Fellestråd, boks 113, 5721 Dalekvam**Eksp. og trykk:** Bodoni AS, avd. Hardanger, Øystese

Tlf. 46 63 09 33

Retur til: Kyrjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam

Påske i ei vanskeleg tid

Somme ting går av seg sjølv.

Sekunda, minutta, timane, dagane, vekene...

Kalenderen viser oss at påska står for døra, og høgtida kjem av seg sjølv - anten me vil det eller ikkje - ja, anten me likar det eller ikkje!

Trass i alvoret som ligg i oppkøyringa til påska - altså fastetida - er påska ein fest!

Ei høgtid for liv og glede, takksemd og lovprising.

Så er det kan hende ikkje så lett å sleppe gleda laus no. Me er slitne etter nesten to år med pandemi. Og han har ikkje ein gong helt slept taket i oss ennå. Me ventar, ser det an, og spør: Vil han kome attende? Vert eg sjuk att? Kor alvorleg vert det?

Og så har me, i alle høve i skrivande stund, ein krig i nabolaget vårt. Me kan bli redde av mindre. Og urolege. Me står meir eller mindre klare til å ta imot dei som flyktar frå krigen, vel vitande som at dette vil endre både deira og våre liv - truleg for alltid.

Så kan me undrast: Har påskebodskapen noko å seie til oss no, slik me har det i desse dagar? Kva då?

Kjærleik kan vere å ofre noko

Det kan vere å ofre livet i kamp for fedrelandet sitt. Eller å ofre eigen komfort og tryggleik, eller pengar og eigendom, for å hjelpe menneske på flukt. Det kan me gjere. Ein vesentleg del av påska sitt budskap er at Jesus var viljug til å ofre seg sjølv for oss menneske. Og han gjorde det.

Me treng tilgjeving og nåde

For at me menneske skal ha det godt med kvarandre trengs det tilgjeving. Og det trengs både i nære relasjonar, i lokalsamfunn og mellom folk og nasjonar. Tilgjeving er ikkje lett, og somme gonger nærast umogleg. Men me treng å få det, og me treng å gje det. Ein anna vesentleg del av påska sitt budskap er den tilgjevinga me får ved at Jesus betalar vår skuld og gjeld. Og med det er han og eit førebilete for oss i våre relasjonar.

Det gode vann over det vonde

Me treng verkeleg at det gode vinn! I stort og smått! I sjukdom og krig og i alt elles der det vonde vil øydeleggje det gode! Det går ikkje alltid slik med oss menneske.



Men i påska vann Jesus over det vonde då han beseira døden. Den sigeren - og det ævelege livet - får me del i når me koplår oss på sigerherren Jesus Kristus.

Påska gjev von

Er det noko me treng no, så er det von. Det har menneska alltid hatt trong for. Utan von vert livet ...ja, vonlaust. Og det er ikkje noko godt liv. Vona er på eit vis individuell, og kan ikkje så lett overførast frå den eine av oss til den andre. Men eg vågar å seie: Påske = von!

Påska sitt budskap til oss er at Jesus si grav er tom fordi han vann over døden:

Men engelen tala til kvinnene og sa:

«Ver ikkje redde!

Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste.

Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa.

Kom og sjå staden der han låg!

Matt 28, 5-6

Midt oppi livet slik det er for oss no vågar eg likevel å seie:

Ha ei velsigna og god påskehøgtid!

Med venleg helsing

Frode Kvamsøe

Min salme

Takk for utfordringa frå mi mor Eli. Eg tenkte å ha Eg faldar mine hender små som min salme. Eg har eit minne ifrå når faren min song den for meg, då eg var liten. Det er eit fint minne. Og eg har ein funfact: Eg spurte alltid faren min kva sott var, fordi om eg visste kva det var - altså sjukdom. Og det var ofte for å visa for meg sjølv att eg kunne det ordet.

Norsk salmebok nr. 731

Tekst: Torbjørn Egner (1948)

Til nynorsk ved Haldis Moren Vesaas (1948)

Melodi: Henrik Tofte (1903)

*1 Eg faldar mine hender små
i takk og bøn til deg.
La alle barn i verda få
det like godt som eg.*

*2 Vern alle med di sterke hand
mot fattigdom og død,
og hjelp små barn i alle land,
og gje dei dagleg brød.*

*3 La ikkje krig og svolt og sott
få rive lykka ned.
La alle leve trygt og godt
i fridom og i fred.*

**Grete Kringlebotten sender salmestafetten
vidare til Anne Sellevold Hol**

TENN LYS FOR UKRAINA


Det har vore - og vil vere - nokre samlingar i kyrkjene våre i samband med Russland si krigføring mot Ukraina. I Vaksdal kyrkje har det vore bønnesamlingar i Vaksdal kyrkje onsdag kl. 18.00 gjennom fastetida, og desse samlingane held fram til og med 6. april. I desse samlingane har det vore ei kort innleiing, salmesong og bønvandring. Fylg med på heimesida til kyrkjene i Vaksdal og på oppslag om eventuelle samlingar vidare.

På Stamnes og Dale har det vore opne kyrkjer ved

eitt høve.

Eventuelle andre dagar det vert opne kyrkjer i Vaksdal vert meldt på heimesida og på oppslag.

Søndag 13. mars kl. 13.00 ringte kyrkjeklokkene rundt om i Noreg i solidaritet med folket i Ukraina. Det vart og ringt frå dei fleste kyrkjetårna i Vaksdal.



FASTEAKSJONEN 2022

I år kan me endeleg sende konfirmantar og andre rundt på dørene med innsamlingsbøsse! Den store aksjonsdagen hos oss er **tysdag 5. april**, og om ettermiddagen den dagen slepp me bøssebærarane laus.

Det vil gå folk med bøsser i dei tre store sokna, Dale, Vaksdal og Starnes. I Bergsdalen og i Eksingedalen vert det høve til å gje pengar når det er gudstener der i løpet av påska.

Og det er alltid høve til å gje via VIPPS til **2426** eller gje til konto **1594 22 87493**.

Kirkens Nødhjelp markerer 75-års jubileum i 2022, med håp som overordna tematikk. Kirkens Nødhjelp sin Fasteaksjon er en viktig del av marke-

ring, og har fått tittelen «**Håp i en drope vatn**».

Det er krig i Ukraina, hundretusenvis er på flukt, og ei alvorleg humanitær krise utviklar seg. Kirkens Nødhjelp med syster-organisasjonar var raskt på plass med akutt naudhjelp som reint vann, mat, tepper og hygieneartiklar til flyktningane.

Kirkens Nødhjelp utfører arbeid på vegne av kyrkjene i Noreg. Vi skal redde liv og krevje rettferd, og vi jobbar med naudhjelp

i krisesituasjonar i tillegg til langsiktig arbeid. Pengane som vert samla inn i fastetida går til Kirkens Nødhjelps arbeid over hele verden. Dette gir oss høve til å raskt mobilisere når kriser oppstår, slik som vi nå gjer for innbyggjarane i Ukraina.

Fokuslandet for årets fasteaksjon er Malawi. Tidlegare i år ble landet rammet av flaum, og Kirkens Nødhjelp var til stede med krisehjelp. I tillegg jobbar vi også med langsiktig bis-

tandsarbeid i landet, blant annet gjennom klimatilpassa jordbruk gjennom vatning via dryppsystem.

Her i Kyrkjebladet vil de mellom anna møte Takondwa Phanga. Han er agronom, og lærer bort moderne jordbruksteknologi til småbønder for å kjempa mot svolt og fattigdom. Vi gler oss til å mobilisere, slik at stadig fleire menneske får tilgang til rent vatn!

Takk for at du er med!
God fasteaksjon!



Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp



Gje fleire barn som Alefa
reint vatn og ei framtid

For **250 kr**
gjev du eit menneske
varig tilgang til reint vatn

VIPPS til 2426
eller gje til konto 1594 22 87493

fasteaksjonen 2022



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

EIN DROPE VATN GJEV HÅP I TØRKEN

Alt Takondwa Phanga (26) tar i spirar og gror, og det går gjetord om den flinke agronomen i mils omkrins. Sjølv har han berre eit mål og det er å dele raust med kunnskapen sin, slik at småbønder kan kome seg ut av fattigdom og svolt.

Tørke skaper akutt svolt-krise for millionar av menneske kvar einaste dag.

Eit håp kan byrje med ein drope vatn. Det kan gje ei framtid utan svolt, fattigdom og konflikt. Vatn kan endre eit liv, ein landsby og eit land. Vatn er livsviktig. Ein av dei som ser det kvar einaste dag er agronom Tankondwa Phanga.

Vi er i landsbyen Chingagwe i Malawi, der tolv småbønder får opplæring i moderne jordbruk.

- Her hjelper eg småbønder med å få høgare kvalitet på avlingane sine slik at dei kan hauste meir og samstundes auke inntektene sine, fortel han.

Prosjektet starta i desember 2020, og allereie eit år seinare har bøndene tredobla inntektene sine. Sjølv gjev han opplæring i 17 område.

Målet er å få småbønder ut av fattigdom og svolt, samstundes som dei utviklar seg som bønder. I Malawi lever 80 prosent av landbruk, og så mange som fire millionar menneske manglar tilgang til vatn.

Dei tolv bøndene vi møter i dag, har investert i eit sett med kvalitetsfrø, eit vatningssystem og gjød-

sel. I tillegg lærer dei seg gode metodar for å utvikle jordbruket sitt.

- Jobben min er perfekt for meg. Lidenskapen min er å hjelpe bønder til å utvikle seg slik at dei kan få betre resultat. Gjennom jobben min kan eg vere med på å gjere ein forskjell.

Det tradisjonelle jordbruket skaper stort press på både jorda og vassressursane. Dei moderne jordbruksmetodane, som gjev større og sikrere avlingar på mindre areal og brukar mindre vatn, er utilgjengelege for småbønder i verdas fattigaste land. Både irrigasjonsutstyr, frø og kunstgjødsel blir berre selde i store kvanta. Bøndene manglar utdanning og dei færraste har råd til å investere.

Bønder som brukar moderne jordbruksteknologi, slepp å hente vatn i brønnar og elver. I staden for fyller dei ei bøtte med vatn, som er koplå til to slangar. Slangane har små hol, slik at vatnet pipar ut og gjev ei jamn vatning av grønsakene. Bøndene kjøper seg ei startpakke som består av kvalitetsfrø, eit irrigasjonssett og gjødsel. Eit slikt sett kostar rundt 100 kroner. Før måtte dei

hente vatn fleire gongar om dagen slik at plantene fekk nok vatn. Takka vere irrigasjonssystemet, får plantene vatnet dei treng.

Ofte kan det vere trøngt om plassen i landsbyar og hagar, difor er også plassutnytting eit viktig tema Phanga lærer bort. I staden for å plante ei rad med tomatar, brukar dei same plassen til å dyrke to rader. I tillegg får bøndene ei innføring i kva grønsaker som eignar seg best å dyrke og korleis dei best bør lagrast slik at dei kan auke inntektene sine.

- Bøndene som er med i prosjektet har tent nok til å kjøpe seg ein hønsegard, skoleuniformer eller sende barna på skole. Dei har også nok mat til heile familien. I tillegg kan vi sjå at dei kjøper meir land og på den måten utvidar jordbruksarealet sitt, forklarar han.

Etter at bøndene vart med i prosjektet, kan agronomen sjå stor forskjell i liva til folk.

- Bøndene og familiane deira har no enkel og føreseieleg tilgang til grønsaker. Dei har auka inntektene sine og dei investerer vidare. Før hadde dei kanskje ingen eller lite pengar. No har dei ei sta-



Nye metodar: Agronomen har ansvar for 17

” Her hjelper eg småbønder med å få høgare kvalitet på avlingane sine slik at dei kan hauste meir og samstundes auke inntektene sine.

**Agronom
Tankondwa Phanga**

bil inntekt, som syter for næringsrik mat på bordet kvar einaste dag.

Denne endringa gjer at



område med 12 bønder i kvart område. Han lærer dei om nye metodar og korleis ein får mest ut av grønsakåkeren sin.

han har tru på framtida.

- Målet mitt er å få andre til å sjå korleis dei sjølv kan endre liva sine. Som nyutdanna håpa eg at eg skulle få oppfylt draumen min om å jobbe i Kyrkjjas Nødhjelp. No gjer eg det, og det gjer meg glad og takksam. Måten Kyrkjjas Nødhjelp jobbar med lokalsamfunn på, er riktig og viktig. Eg er veldig stolt over at eg får vere med på å forandre verda.

Av: Anette Torjusen
Foto: Håvard Bjelland



Tenner håp: Takondwa Phanga er agronom og brukar yrket sitt til å få bønder i Malawi ut av fattigdom.



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølvsgagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg *Vegen i Vaksdal* på Facebook! 

TÅRNAGENTHELG I VAKSDAL KYRKJE



Spennande: Tårnagentar i tårnet. Foto: Ann-Elin Gullbrå

Fyrste helga i februar kom fleire åtteåringar til Vaksdal kyrkje for å bli tårnagentar. Fyrst måtte alle seia eit passord, for å koma fram til der dei fekk agentkortet sitt - med eige fingeravtrykk sjølvsgagt! Med agentkort rundt halsen og ein eigen agentbevegelse på plass, fekk agentane ulike oppdrag dei skulle løysa, samstundes som dei var

på oppdagingsferd i kyrkja saman med nokon i familien sin. Det vart litt annleis enn vanleg denne gongen, fordi me ikkje visste kva smitterekstriksjonar som fanst då me planla helga. Sundagen øvde dei på den fengande tårnagent-songen og var med på gudsteneesta der dei lyste opp kyrkja med song og leik.

LYS VAKEN I DALE KYRKJE



Spennande: Tårnagentar i tårnet. Foto: Brith Kydland

Andre helga i februar inntok fleire av årets elleve- og tolvåringar Dale kyrkje, og overnatta der. Dei var nok spente då dei kom til kyrkja, for fyrste gong med sovepose! Men opplegget fenga, og det vart eit kjekt lite døger i kyrkja. Dei var gjennom ulike aktivitetar, blant anna laging av Kristuskrans (arm-

band), og førebuing til gudsteneesta. Og så fekk dei god mat sjølvsgagt! Under gudsteneesta søndag var dei fleste borna involvert på ulikt vis, og dei verka til og med lys vakne, trass sikkert litt mindre søvn enn vanleg! På denne gudsteneesta fekk òg årets elleveåringar frå Dale sokn utdelt Nytestamentet.

BABY- OG SMÅBORNSSONG PÅ DALE, VAKSDAL OG STAMNES



Stoffgynge: Vesle Cecilie blir vogga trygt på baby- og småbornssong på Stamnes.



I kyrkja: Babyar i Dale kyrkje vert fascinert av havet som bølgar over dei.

I vår har me halde fram med samlingar parallelt i fleire bygder. Måndagar er det baby- og småbornssong på

Vaksdal, onsdagar på Dale og ein torsdag i månaden på Stamnes. Varierande kor mange som kjem, og koseleg

uansett. Kjekt å kunna vere nær kvarandre igjen, og også ta med songar og leikar som krev nærleik, som når foreldra

voggar babyane mellom seg i «stoffgynger».



KNØTTESONG PÅ DALE OG VAKSDAL

Annakvar måndag og annakvar onsdag ettermiddag har det vore knøttesong på høvesvis Vaksdal og Dale. Dette er ei song- og leikestund for born som er to til fem år. Etterpå har me ofte ete litt kvelds saman. Det er nok hakket «lettare» å ha desse samlingane i konfirmantrummet i Vaksdal, enn i det store kyrkjerommet på Dale der det er mykje som kan utforskast. Kanskje me går tilbake til å vera i bedehuset på Dale etter kvart! Elles veldig kjekt å møte og vera saman med både born og vaksne!

Såpebobler: Full rulle på knøttesong på Vaksdal. Foto: Amanda Berge

KONFIRMAN* 2022

Konfirmasjonsdagane i Vaksdal

Dale: Søndag 8. mai kl. 11.00

Vaksdal: Søndag 8. mai kl. 11.00

Stamnes: Søndag 15. mai kl. 11.00

Eidsland: Laurdag 28. mai kl. 11.00

Namn på konfirmanane vert sendt til lokalavisene på førehand.

Kva skjer på vegen framover?

PÅGÅR TIL OG MED 1. JUNI

Baby- og småbornssong på Dale og Vaksdal

Måndagar klokka 12-13.30 er det baby- og småbornssong i konfirmantrummet i Vaksdal kyrkje. Og onsdagar klokka 12-13.30 er det baby- og småbornssong i Dale kyrkje. Dette er samlingar tilpassa dei minste borna, og me brukar ulike effektar for å gjera samlingane sanserike. Etterpå er det mogleg å eta litt saman for dei som vil, me har kaffi/te. Det er ikkje påmelding til samlingane, men kan vera lurt å fylgja med på facebook-gruppa «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» for oppdatert info om samlingane. PS: Er du som Kristin og ofte litt seint ute? Det går heilt fint! Kom når du kan, det er alltid plass, og berre kjekt at du kjem!



0-2 år

PÅGÅR TIL OG MED 30. MAI

Knøttesong på Dale og Vaksdal

Måndagar i oddetalsveker er det knøttesong i konfirmantrummet i Vaksdal kyrkje, og onsdagar i partalsveker er det knøttesong i Dale kyrkje. Dette er innhaldsrike samlingar for born mellom to og fem år. Ingen påmelding! Samlingane byrjar klokka 17, og held fram til ca 18-18.30. Mot slutten et me gjerne kvelds saman, ta med niste i så fall, me har kaffi/te.



2-5 år

21. APRIL, 5. MAI OG 2. JUNI

Baby- og småbornssong på Stamnes

Det er tre gongar igjen med baby- og småbornssong på Stamnes: 21.april, 5.mai og 2.juni. Opplegget er cirka klokka 10-11, og så et me lunsj ilag (ta med niste, me har drikke) frå 11-12. Me er i kjellaren i Stamnes bedehus, ved sida av kyrkja. Det er sjølv-sagt ope for små og store frå andre bygder òg!



0-2 år

10. APRIL

Borna sin påskedag på Dale og i Eksingedalen

Sundag 10.april planlegg me gudsteneste med Borna sin påskedag i Dale og Eksingedalen kyrkje, der årets sjuåringar vert spesielt inviterte (men sjølv-sagt alle er velkomne). Gjennom ulike postar vert ein ført på ganske konkret vis gjennom sentrale dagar i påska.

7 år

26.MAI

Gudsteneste på Skipshelleren

På Kristi Himmelfartsdag er det som vanleg gudsteneste i fjordkanten ved Skipshelleren på Straume. Til denne gudstenesta vert årets femåringar spesielt inviterte til å vera med. Sjølv-sagt saman med familien sin. Det vert fyrst ei enkel utegudsteneste som i år vert ekstra tilpassa borna. Under helleren om det er stygt ver, så me sit tørt! Etterpå er det grilling av pølser, og leikar for både små og store. Dette pleier å vera ein kjekk dag for dei som tek turen, så me håpar fleire nyttar høvet i år!



5 år



BARNAS SIDE

Finn vegen til Jesus!

Hjelp Maria, Peter og Johannes å finne vegen til engelen i den tomme grava, og vidare til Jesus! (Teikning: Kari Sortland)



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 03 71 00.



Vitsar

Klassa hadde matteprøve. Ei av oppgåvene var slik:
«Eit hus har 5 etasjar. Kvar etasje har 20 trappetrinn. Kor mange trappetrinn må du då gå for å kome til toppen?»
– Enkelt, tenkte Ole, og skreiv: «Alle.»

- Korleis er den nye gitaren din?
- Eg måtte kaste han.
- Kvifor det?
- Den hadde jo eit stort hol i midten!

Kva får du dersom du kryssar ein kalkulator med eit menneske?
Svar: Ein ven du kan rekne med.

Finn fem feil

Maria Magdalena sprang og fortalde læresveinane at Jesus var stått opp frå dei døde. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?
(Teikning: Kari Sortland)



Bispemøtet sin uttale:

«Kirken har påført homofile og lesbiske stor skade og smerte»

Den 21. februar 2022 sende Bispemøtet for Den norske kyrkja ut ein uttale om at kyrkja har påført homofile og lesbiske stor skade og smerte. Uttalen kom i høve av at det i år er 50 år sidan straffelovens § 213 vart oppheva. Denne paragrafen kriminaliserte sex mellom menn.

I uttalen erkjenner kyrkja sine noverande biskopar at kyrkja sitt leiarskap ved Bispemøtet gjennom historia har gjennom sine uttalte haldningar og sin omtale av homofili og homofile, påført skade og smerte for mange menneske. I dette høvet anerkjenner det noverande biskopkollegiet og gler seg over at kyrkja har mange homofile og lesbiske medlemmer og tilsette. Dei bidreg til fellesskapen i kyrkja. Biskopane står saman med det øvrige leiarskapet i kyrkja i eit målretta arbeid for likeverd, inkludering og mangfald. Det har vore ein prosess i kyrkje og samfunn til aksept



Biskopane i Den norske kyrkja: Framme frå venstre: Herborg Finset (Nidaros), Solveig Fiske (Hamar), Kari Veiteberg (Oslo), Ann-Helen Fjeldstad Jusnes (Sør-Hålogaland), Anne Lise Ådnøy (Stavanger), Stein Reinertsen (Agder) og Ingeborg Midttømme (Møre). Bak frå venstre: Olav Fykse Tveit (preses), Halvor Nordhaug (Bjergvin), Olav Øygard (Nord-Hålogaland), Atle Sommerfeldt* (Borg) og Jan Otto Myrseth (Tunsberg). Atle Sommerfeldt var gått av som biskop då denne uttalen vart vedteken. Fungerande biskop i Borg var Kari Mangrud Alvsvåg.

Foto: Den norske kyrkja

og endring i haldningar. I dag er alle som lever i likekjønna forhold velkomne til å gifte seg i Den norske kyrkja, og kan sjølv velje kva kyrkje dei vil gifte seg i. I 2016 opna

kyrkja for to syn på likekjønna ekteskap, noko som inneber at det vil verte lagt til rette for ekteskap mellom likekjønna for dei som ynskjer det.

Dette er ein forkorta pre-

sentasjon av innhaldet i Bispemøtet sin uttale ved sokneprest Edvard Bø. Heile uttalen finn ein på Den norske kyrkja si heimeside: www.kyrkja.no



Dale sokn arrangerer i vår kurset Inviterande kyrkje.

Målgruppa for kurset er menneske som er viljuge til å gå en prosess saman med andre i kyrkjelyden for å bli eit meir inviterande fellesskap. Fokuset er på hjelpe kyrkjelyden til å utvikle tilbod som er mest mogleg relevante og lågterskel, og å invitere menneske i nærmiljøet til kyrkja sitt tilbod på en diakonal måte. Det handlar om å inspirere fleire til å være frivillige i arbeidet med å få med nye og å leggje til rette slik at dei utviklar en måte å invitere på som dei kan være mest mogleg komfortabel med sjølv.


Det er og ei målsetjing for prosjektet å utvikle kurset "Inviterande kyrkje" og gjere det relevant og tilgjengeleg for

alle kyrkjelydane i Den norske kyrkja. Dale sokn, saman med Hyllestad og Askvoll sokn, er såleis med på eit pionerprosjekt ved å arrangere dette kurset.

Kurshaldar er diakon Marianne Magnussen, som mellom anna har røynsle frå fleire kyrkjelydar i Bergen, men har og mellom anna røynsle frå skulevesen og flyktningarbeid.

Kurset startar tysdag 29. mars. Dei neste samlingane er tysdagane 3. mai og 14. juni.

Sjølv om kurset er i gang når du les dette kan du ta kontakt med sokneprest Frode Kvamsøe (90 19 65 14) viss du ynskjer å delta på dei to neste samlingane.



Stand: Soknerådet hadde stand i Gatå på Dale siste laurdag i februar. Der kunne dei som ville svare på ei undersøking i samband med kurset Inviterande kyrkje, få informasjon om kurset, eller berre ta imot godleik og omsorg i form av vaflar og varm drikke.

Marianne Magnussen.



Døype barnet - eller bli døypt sjølv?

Ver velkomen til dåp!
Ta gjerne kontakt med oss:

Telefon: 56 59 39 20
Epost: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no
Post: Postboks 113, 5721 Dalekvam
Kom innom: Fabrikkevegen 3 på Dale
Heimeside: www.vaksdal.kyrkja.no

Tidlegare fekk me melding om alle nyfødde, og kunne sende innbyding til dåp. No får me ikkje den informasjonen, og kan difor ikkje sende innbyding til dåp direkte.




DALETEC

tovi
Elektro

Tlf. 417 94 104
E.post: tommy@tovielektro.no



ORGELKONSERTAR

Dale kyrkje

Laurdag 14. mai kl. 16.00

Laurdag 11. juni 13.00 (Daledagane)

ved organist RUBEN GJERTSEN

LYDFORTELJING

Dale kyrkje

Laurdag 11. juni kl. 12.00 (Daledagane)

ved trusopplærar KRISTIN S. NORMANN og organist RUBEN GJERTSEN

VIPPS VED TAKKOFFER

Me nyttar gjerne VIPPS ved takkoffer i kyrkja, som er å gje pengar til eit godt formål. Ein kan òg gje pengar kontant i korga. Det me her vil anmerke er om de kan nytte anmerkningsfeltet under beløpet på telefonen til å skrive kva pengane gjeld. Det kan vere å skrive takkoffer eller datoen for gudstenesta. Ein kan sjølvst og skrive sjølv offerformålet, Kirkens Nødhjelp til dømes. Særleg er dette viktig om ein gjev pengane på eit seinare tidspunkt som godt ut i veka etter at gudstenesta har vore.

Det er sjølvst og lov til å gje noko til kyrkjelyden sjølv om det ikkje har vore gudsteneste. Om ein skriv ei slik anmerking vil det vere lettare for rekneskapsfører i soknerådet å vite kva pengane gjeld.

ORGANIST SLUTTAR

Organist Anton Proskurnin har valt å seie opp stillinga si hos oss, med verknad frå 14. februar. Anton har vore tilsett i halv stilling, og byrja hos oss hausten 2017.

Me takkar Anton for innsatsen hos oss - og ynskjer han alt godt på vegen vidare. Stillinga som organist vil bli lyst ut i løpet av våren.

TOMME-
STOKKEN BYGG AS

Vi har stillas
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

ATLANTIS

VVS & INTERIØR

Din lokale Rørlegger i Vaksdal

☎ 95 97 17 00



GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyer • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting

S
STEINRIKET
DALE AS

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

Sæterdal
Elektro



Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 56 59 43 00

 **SparebankenVest**
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no



Alt innan
tømrararbeid

Tlf. 922 65 739

post@falkangerbygg.no

IDEHUS
BYGGER PÅ GODE IDEER

Falkanger Bygg er
forhandlar av Idéhus
Sjå idehus.no

Ve vangen elektriske a/s
AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 www.vangen-elektriske.no



Bergsdalstunet

- Selskap
 - Levering av mat
 - Minnesamvære
- Tlf 93 213 213

SLEKTERS GANG



DØYPTTE

Dale	
20.03	Alva Århus Andreassen
09.01	Hedda Vedaa Jordalen (i Starnes kyrkje)

Eidsland

23.01 Adrian Røseveld Neset

Vaksdal

14.11 Ingrid Hanevik Isaksen
13.03 Adele Sæterdal Berntsen
(i Bergsdalen kyrkje)



DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Dale		
16.11	Eliza Jørgine Bruvik	1921
22.11	Per Egil Nyberg	1947
18.12	Kirsten Grøsvik	1947
18.12	Ivar Alfred Vaksdal	1942
01.01	Björg Turid Seim	1940
07.01	Lodin John Rødland	1938
14.01	Elly Ekanger	1937
03.03	Karsten Pettersen	1936
11.03	Norvald Fosse	1926
15.03	Gunnlaug Aarhus Mo	1934

Starnes

12.01 Reidun Klausen 1947
07.02 Ragnhild Straume 1957
18.03 Marit Betsy Sandal 1931

Vaksdal

16.11 Gerd Stanghelle 1930
Til Stanghelle gravplass
14.12 Marit Aud Utskott 1944
15.12 Terje Thom 1941
26.01 Ruth Fossberg 1931
07.02 Walther Skulstad 1933
16.02 Ragnhild Fossmark 1930
Til Stanghelle gravplass

DET SKJER I BEDEHUSA:

Vaksdal bedehus

Storsamlingar søndag kl. 11.00
Søndagskule kl. 11.30

Palmesøndag 10. april
Tale ved Vegard Hetlebakke

Søndag 22. mai
Tale ved Audun Hjelvik

Søndag 1. mai kl. 16.00
Basar / Andakt ved Kjartan Gullbrå


Stanghelle bedehus

Onsdag 30. mars kl. 19.00
Konsert ved Arvid Larsen, og utlodding til inntekt for Raknestunet

Onsdag 6. april kl. 19.00
Møte ved Christian Skoge. Nattverd.

Onsdag 4. mai kl. 19.00
Møte ved Asle Hetlebakke

Onsdag 1. juni kl. 19.00
Møte ved Asle Hetlebakke



Vaksdal

BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ

-DITT LOKALE BYRÅ SIDEN 1984-

DØGNVAKT 56 59 74 70

- OMSORG VED LIVETS SLUTT -

POST@VAKSDALBEGRAVELSE.NO WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO TLF. 911 79 766

BLOMSTERBESTILLING 55 19 72 05



VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 3. april - 4. søndag i fastetida

STAMNES KYRKJE kl. 16.00 (NB). Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Søndag 10. april - Palmesøndag

DALE KYRKJE kl. 11.00. Borna sin påskedag/familiegudsteneste. Kvamsøe.

EKSINGEDLEN KYRKJE kl. 15.00. Borna sin påskedag/familiegudsteneste. Bø.

Torsdag 14. april - Skjærtorsdag

STAMNES KYRKJE kl. 10.30. Orgelresitasjon. Gjertsen.

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Nattverds-gudsteneste. Kvamsøe.

Fredag 15. april - Langfredag

EIDSLAND KAPELL Kl. 10.30. Orgelresitasjon. Gjertsen.

EIDSLAND KAPELL Kl. 11.00. Pasjons-gudsteneste. Bø. Nattverd.

VAKSDAL KYRKJE kl. 17.30. Orgelresitasjon. Gjertsen.

VAKSDAL KYRKJE Kl. 18.00. Pasjons-gudsteneste. Bø. Nattverd.

Søndag 17. april - Påskedag

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for Eksingedalen. Kvamsøe. Nattverd.

DALE KYRKJE kl. 10.30. Orgelresitasjon. Gjertsen.

DALE KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal, Dale og Stamnes. Bø. Nattverd.

BERGSDALEN KYRKJE kl.18.00. Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe.

Nattverd. NB: Kyrjekaffi frå kl. 17.00.

Måndag 18. april - 2. Påskedag

Ingen gudsteneste i Vaksdal

Søndag 24. april - 2. søndag i påsketida

Ingen gudsteneste i Vaksdal

Torsdag 28. april

DALE KYRKJE kl. 18.00. Ung Messe. Konfirmantane, prestane og organist m/band. Nattverd.

Søndag 1. mai – Offentleg høgtidsdag

DALE KYRKJE kl.11.00. Gudsteneste. Bø. Song av Dale Mannskor.

Søndag 8. mai - 4. søndag i påsketida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Kvamsøe.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Bø.

Søndag 15. mai - 5. søndag i påsketida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Kvamsøe.

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Tysdag 17. mai - Grunnlovsdagen

VAKSDAL KYRKJE kl. 10.00. Festgudsteneste. Bø.

DALE KYRKJE kl. 10.30. Festgudsteneste. Kvamsøe.

STAMNES KYRKJE kl. 12.00. Familiegudsteneste. Bø.

EIDSLAND KAPELL kl. 12.30. Familiegudsteneste. Kvamsøe.

Søndag 22. mai - 6. søndag i påsketida Ingen gudsteneste i Vaksdal

Torsdag 26. mai - Helgetorsdag

SKIPSELLEREN (Stamnes) kl. 12.00. Friluftsgudsteneste. Nor-mann og Bø.

Laurdag 28. mai

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Konfirmasjon. Bø.

Søndag 29. mai - 7. søndag i påsketida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.

Søndag 5. juni - Pinsedag

VAKSDAL KYRKJE kl. 10.30. Orgelresitasjon. Gjertsen

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for Dale, Stamnes og Vaksdal. Kvamsøe. Nattverd.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 18.00. Høgtidsgudsteneste. Bø.

Nattverd. NB: Kyrjekaffi frå kl. 17.00.

Måndag 6. juni - 2. pinsedag Ingen gudsteneste i Vaksdal

Oppdaterte opplysningar fom gudstenestene finn du her: Annonser i lokalavisa same veka, plakatar, og på www.kyrkja.no/vaksdal Ta kontakt med kyrkjekontoret ved ynskje om dåp



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsom

bunadsele

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no